

Møtebok for

Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmarkslag
på Instedalen skule onsdag 06.03.19 kl. 19.30

Desse møtte: Normund Svoen, Gudmund Eimhjellen, Kjell Klopstad, Odd Vonen, Peter Garlick, Andreas Sørebo, Ivar Teigen, Inge Svorstøl, Janne Lykkebo, Olav Svoen og Anders Neset

Sakliste

Sak 1 – Val av møteleiar

Normund Svoen vart vald

Sak 2 – Val av skrivar

Anders Neset vart vald

Sak 3 – Val av to til å skrive under møteboka

Peter Garlick og Inge Svorstøl vart valde

Sak 4 – Godkjenning av innkalling

Det har vorte lagt ut melding på Facebook og innlegg på det "Det skjer" i Firda. Samrøystes godkjent

Sak 5 – Godkjenning av dagsorden

Denne vart samrøystes godkjent

Sak 6 – Årsmelding 2018

Leiar gjekk igjennom årsmelding.

Utover det som elles er nemnd i den fyldige årsmeldinga:

Under punktet trekning av reinsdyrløyve og jakta 2018, så står det feilaktig at det er Atle Fimland i samarbeid med Arne Sægrov som tok ansvar for ØNU sine interesser når det gjeld reinsdyrforvaltinga. Det rette her er sjølvsagt Atle Fimland og Arne Dvergsdal.

Under same punkt kunne det også nemnast at ungbukken vart felt, men ikkje kalven.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

Sak 7 – Rekneskap for 2018

Rekneskapen syner ein saldo på kr 76 756 på driftskonto, og kr 2541 på prosjektkonto.

Det har vore bra sal parkering, båt og fiske, på nytt ei auke frå i fjor. Av større utgiftspostar kan det nemnast honorar til utfiskingsprosjektet i Vonavatnet, båt nr. 2 til Vonavatnet og materialer til informasjonstavler.

Revisjonsmelding vart lesen opp.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Sak 8 – Val

Styret 2018 har vore samansett slik:

Leiar Normund Svoen (på val)

Styremedlem:

Odd Vonen (på val),
Anders Neset (ikkje på val),
Gudmund Eimhjellen (ikkje på val)
Kjell Klopstad (på val)

Varamedlem:

Narve Fimland (på val)
Kjell Arne Teigen (på val)

Revisorar:

Olav Svoen (på val)
Torstein Svorstøl (på val)

Valnemd:

Ivar Teigen Leiar (går av)
Andreas Sørebo (på val)
Arne Dvergsdal (vara – på val)

Leiar av valnemnda, Ivar Teigen, la fram valnemnda si innstilling

- **Val av leiar:** Normund Svoen vart attvald
- **Val av 2 styremedlemer:** Odd Vonen og Kjell Klopstad attvalde
- **Val av 2 varamedlemer:** Narve Fimland vart attvald, Inge Svorstøl vart vald inn som nytt varamedlem
- **Val av 2 revisorer:** Olav Svoen og Torstein Svorstøl vart attvalde.
- **Val av 2 personar til valnemd:** Andreas Sørebo vald som ny leiar av valnemnda. Arne Dvergsdal vart vald inn som medlem.
- **Val av 1 person som vara til valnemd:** Ein lukkast ikkje med å velje ein ny vara til valnemnda, og styret får fullmakt til å finne ein kandidat.

Sak 9 – Eventuelt

Leiar tok ordet og informerte om at han har stått som leiar i 10 år. Han har spurt styret om kva medlemmane meiner om korleis utmarkslaget jobbar under hans leiing. Er vi t.d. for lite harde mot styresmaktene? Leiar har valt ei diplomatisk tilnærming. Han meiner laget har fått til godt samarbeid med LV-området, og at ein har klart å hevde grunneigarane sin interesse på best mogleg måte. Vi har godt samarbeid med forvaltar av LV-området.

Sjølv om han har ei diplomatisk tilnærming, så er han sjølv sagt førebudd til å gå hardt inn om det skulle dukke opp saker som skulle krevje dette. Leiar håpar på tilbakemelding frå medlemmane dersom dei meiner styret driv på feil måte. Leiar har alltid vore nøye på at grunneigar har sin fulle rett på eigen grunn, og at laget ikkje skal overprøve dette. Har som

sagt vore leiar i 10 år, og har sagt seg villig til å fortsetje, men dersom det trer fram nokon som har stor interesse for arbeidet, så er han villig til å tre til side.

Leiar fekk godord og applaus for arbeidet han utfører.

Leiar takka for godt samarbeid i styret, og takka alle som bidreg med arbeid i laget.

Ref.: Anders Neset, 12.03.18

Inge Svorstøl

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Inge Svorstøl', with a long horizontal line extending to the right.

Peter Garlick

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'P Garlick'.

16/3/19